



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

## Grensejustering - Innsamla faktainformasjon - bygdene Bjørke og Viddal i Ørsta kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse og møte når det gjeld søknad om grensejustering for bygdene Bjørke og Viddal til nye Volda kommune. Fylkesmannen har no motteke supplerande opplysningar frå Ørsta kommune og fellesnemnda for nye Volda kommune, jf. brev frå oss datert 20.11. 2017.

Fylkesmannen sendar no ut all samla faktainformasjon til Ørsta kommune og til søkarane av grensejusteringa for bygdene Bjørke og Viddal, sjå vedlegg. Fylkesmannen legg ut på vår [heimeside](#) alt vi har av informasjon i saka, og vi oppmodar Ørsta kommune om å gjere det same.

Det har kome tilbakemeldingar på svaralternativa i spørsmålet som innbyggjarane i Bjørke og Viddal får å svare på i spørjeundersøkinga. Vi har difor endra siste svaralternativet, sjå vedlagte oppdaterte infoskriv. **Spørjeundersøkinga blir gjennomført i veke 3 og 4 i 2018.** Svar på spørjeundersøkinga blir utsendt i veke 6, og kommunane har svarfrist til veke 9 på høyringa av grensejusteringa. Sluttmøte med tilråding frå fylkesmannen er sett til **22. mars 2018 kl. 10.30 til 12.30.**

Fylkesmannen startar no arbeidet med å gå igjennom faktainformasjonen vi har motteke frå Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane. Dersom vi finn at noko manglar av informasjon for å gjere vår tilråding – vil vi kome attende til det.

Med helsing

Rigmor Brøste  
ass. fylkesmann

Vigdis Rotlid Vestad

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

- 1 Faktainformasjon frå Fylkesmannen
- 2 Supplering faktainformasjon frå kommunane og andre
- 3 Oppdatert infoskriv